

Kapittel 13 Ordenstiltak og skadeførebygging

Ny § 13-3 Plikt til førebygging

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolen driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for at det ikkje skal oppstå situasjonar der tilsette gripe inn fysisk mot elevar.

Ny § 13-4 Fysiske inngrep for å avverje skade

Tilsette i skolen kan gripe inn fysisk mot elevar når det er nødvendig for å avverje skade på personar eller for å avverje vesentleg skade på eigedom.

Tilsette kan også gripe inn fysisk mot elevar som viser ei åtferd som er sterkt sosialt fornedrande og det vil vere ei klar forsømming av skolens plikt til å yte nødvendig omsorg ikkje å gripe inn.

Dei fysiske inngrepa må vere eigna til å hindre eller avgrense skaden, og dei skal vere så få, kortvarige og skånsame som mogleg.

Ny § 13-5 Dokumentasjon og meldeplikt

Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep etter § 13-4, skal melde frå om det til rektor.

Rektor skal melde frå til foreldra til eleven. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen dersom det er nytta fysiske inngrep mot den same eleven gjentatte gongar,

eller dersom inngrepet er særleg alvorleg.

Skolen skal dokumentere det fysiske inngrepet med ei kort beskriving av hendinga og inngrepet som vart gjort, og eleven sitt syn på saka.